
Saknr: 2020/45723-1
Saksbehandlar: Marta Rongved Dixon

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for naturressursar, innovasjon og næring		16.04.20

Handlingsplan reiseliv 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon godkjenner handlingsplan reiseliv for 2020**Samandrag**

Reiseliv er ei av dei viktigaste næringane i Vestland, og på dette området har vi hatt eit velfungerande samarbeid på tvers av dei gamle fylkesgrensene. Dette både gjennom den felles eigarskapen i Fjord Norge as, felles prosjekt og felles møteplassar. Dette første året i Vestland fylke blir eit mellomår på fleire område, der vi tek med oss intensjonane og retninga som er staka ut i eksisterande planar, og dannar oss eit godt grunnlag for ei meir langsiktig satsing inn i framtida. I dokumentet handlingsplan reiseliv Vestland 2020 legg vi fram kva som vil setje sitt preg på reiselivsarbeidet i det nye fylket i 2020. Deler av handlingsplanen er naturleg nok prega av den vanskelege stoda i samband med korona-pandemien. Men vi må samstundes tenke langsiktig, og gjennom handlingsplanen prøver vi å balansere desse tilnærmingane.

Det er tidlegare vedteke eit handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland for 2020, som er eit styringsdokument for den samla innsatsen innan næringsutvikling i 2020. Gjennom denne handlingsplanen for reiseliv utdjuar vi den planlagde reiselivsinnsatsen for 2020.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar, reiseliv
og landbruk

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Reiselivssatsinga i Hordaland og Sogn og Fjordane hatt mange likheitstrekk når det gjeld satsingsområde og ønska retning. Samtidig har dei to fylka hatt ulike planar og verktøy for korleis arbeidet skulle gjennomførast og forankrast. I dokumentet handlingsplan for reiseliv i Vestland 2020 legg vi fram kva som vil setje sitt preg på reiselivsarbeidet i det nye fylket i 2020.

Dette første året i Vestland fylke blir eit mellomår på fleire område, der vi tek med oss intensjonane og retning som er staka ut i eksisterande planar, og dannar oss eit godt grunnlag for ei meir langsiktig satsing inn i framtida. Dette ikkje minst med tanke på at regjeringa har gjeve Innovasjon Norge i oppdrag å arbeide fram ein ny nasjonal strategi for reiseliv, som etter planen skal være klar til 2021. Ein slik nasjonal plattform vert ønska velkomen, og vil danne grunnlaget også for Vestland sitt arbeid for reiseliv, saman med Scenarioprojekt for reiseliv i Fjord Norge 2030.

Reiseliv er ei av dei viktigaste næringane i Vestland fylke. På dette feltet har vi hatt eit velfungerande samarbeid på tvers av dei gamle fylkesgrensene, både gjennom det felles eigarskapet i Fjord Norge AS, felles prosjekt og felles møteplassar. Rådgjeverar og næringsansvarlege i dei to gamle fylka kjenner kvarandre godt, og har god felles forståing av utfordringane og muligheitane som ligg i reiselivsarbeidet til Vestland fylke. Vi må imidlertid ta høgde for at vi må bli betre kjende med næringa i alle delar av det nye fylket. Her har vi allereie starta, med møteplassane Reiselivforum Vestland og Destinasjonsgruppa. Her møtest reiselivsorganisasjonane og fylkeskommunen til gjensidig oppdatering og utveksling av informasjon, samråding og samordning av reiselivsinnsatsen. Vi har konkrete planar for innsats som vi ynskjer å arbeide vidare med, slik som destinasjonsutvikling, besøksforvaltning og innsats innan mat, kultur og reiseliv. Her vil vi starte forprosjekt for å danne eit godt grunnlag for vidare retning og ambisjonsnivå for Vestland.

Handlingsplan for reiseliv er eit kortfatta dokument, som er meint som ei rettesnor det første året.

Det er ikkje til å unngå at 2020 blir sterkt prega av situasjonen som er utløyst av korona-pandemien. Reiselivsnæringa er særskilt hardt råka, og det er naudsynt med særskilte tiltak. Alle planar og tiltak må sjåast i samanheng med den ekstraordinære innsatsen som blir sett inn for å motverke verknaden. Samtidig må ein halde fram å tenkje langsiktig, slik at ein er rusta til å ta opp att tråden når krisa er over.

Utbrotet av korona-pandemien, med forbod mot reiser internasjonalt, stengde hotell og serveringsstader, kanselleringar og full stans i nye bestillingar, vil gjere 2020 være eit ekstremår for reiselivsnæringane. Den negative effekten vil også vare i 2021, og for enkelte segment med lang leveransetid (konferanse og kongress) vil verknaden også halde seg i lengre tid.

Vi har hatt eit godt samarbeid med Innovasjon Norge og Fylkesmannen i samband med utarbeiding av denne handlingsplanen. Og 10.mars samla vi Reiselivsforum Vestland for å gå gjennom handlingsplanen slik den låg føre då. Reiselivsforum Vestland er ein møteplass der representantar frå Vestland fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, destinasjonsselskapa, Fjord Norge AS, Hanen, Innovasjon Norge Vestland, og NHO Reiseliv Vest møtest. Vi oppdaterte einannan også på verknaden av korona-pandemien, og vi har sidan helde kvarande oppdaterte. Fylkeskommunen har elles hatt eigne møte med Innovasjon Norge og Fylkesmannen om stoda innan reiselivet. Det er bankar, Innovasjon Norge og statlege tiltakspakkar som kan hjelpe den einskilde reiselivsbedrifta. Men fylkeskommunen ser på korleis ein ev kan bistå destinasjonsselskapa, i ei tid der desse har ein viktig funksjon, ikkje minst når ein skal få oppatt reiselivsaktiviteten når situasjonen har stabilisert seg.

Deler av handlingsplanen er naturleg nok prega av den vanskelege stoda i samband med korona-pandemien. Men vi må samstundes tenke langsiktig, og gjennom handlingsplanen prøver vi å balansere desse tilnærmingane. Det vert teke atterhald om finansiering av ein del av tiltaka, som må ha ei finansieringsløyving før dei vert sette i gong.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har vedtakskompetanse med utgangspunkt i Reglement for folkevalde organ og delegering.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Handlingsplanen er retningsgjevande for korleis Vestland skal leggje til rette for verdiskaping i reiselivsnæringane. Det vert teke atterhald om finansiering av ein del av tiltaka, som må ha ei finansieringsløyning før dei vert sette i gong.

Klima: Klima og berekraft står sentralt i den vidare reiselivsinnsatsen

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Handlingsplanen for reiseliv femnar om innsats i 2020. Framtidig innsats vil m.a. inngår i ein ny næringsplan, med bakgrunn i regional planstrategi.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for næring, naturressursar og reiseliv godkjenner handlingsplan reiseliv for 2020.